

Natås barnehage
v/ Kristin Bredholt
Sæveråsvegen 250
5957 MYKING

Natås 10.01.17

Lindås kommune
v/ Astrid N. Sylta
5957 Isdalstø



Søknad om utviding av Natås barnehage

Natås barnehage har i dag ei godkjenning etter Lov om barnehage § 10 på 36 plassar. Vi har ein avdeling tilrettelagt for småbarn og ein avdeling for 3 – 6 år. Barnehagen nyttar i dag 36 plassane og har 6 barn på venteliste med oss som første prioritet, dei utgjør 8 plassar.

Natås barnehage har ei godkjenning etter Forskrift om Miljøretta Helsevern på 45 plassar. Barnehagen har frå 2013 til våren 2016 hatt dispensasjon frå Lindås kommune til å fylla opp desse plassane ved behov i kommunen, etter hovudopptaket i mars.

Natås barnehage ønskjer å få ei permanent godkjenning etter Lov om barnehage § 10 på heile arealet vårt av følgende grunnar:

- Barnehagen ønskjer å imøtekomme foreldra sine ønskjer om å få plass i nærmiljø-barnehagen deira. Mange av barna kretsar til Myking skule og ønskjer å nytta barnehagen i nærmiljøet.
- Natås barnehagen meiner vi kan tilby eit betre pedagogisk tilbod til barna når ein kan skapa ein stabilitet i personal- og barnegruppa og unngå midlertidige stillingar som kan skapa uforutsigbarheit for barn, foreldre og personalet.
- Natås barnehage ønskjer å skapa eit større fagleg miljø ved å vere fleire tilsette og dermed fleire pedagogar. Dette er ikkje økonomisk muleg pr. i dag.
- Barnehagen har i dag fleire faste stillingar enn til 36 plassar. Dette er pga midlertidige stillingar over tid. No er vi i den situasjonen at vi må vurdere nedbemanning dersom vi ikkje får utviding vidare.
- Det er økonomisk meir bærande å drive ein barnehage som har fleire plassar, der dei faste utgiftene vert delt på fleire.

Vi ønskjer at kommunen tek denne søknaden med når dei vurderer barnehagetilbodet i nordre del av kommunen.

Mvh Kristin Bredholt, styrar og Trine T. Hovden, styreleiar i Natås barnehagen SA

Kristin Bredholt

Trine T. Hovden